

## RÅDSFORORDNING (EF) nr. 1356/96

av 8. juli 1996

### om felles reglar for gods- eller persontransport på innlandsvassvegar mellom medlemsstatane med sikte på å verkeleggjere retten til å yte slike transporttenester(\*)

#### RÅDET FOR DEN EUROPEISKE UNIONEN HAR

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske fellesskapet, særleg artikkel 75,

med tilvising til framlegget frå Kommisjonen<sup>(1)</sup>,

med tilvising til fråseguna frå Økonomi- og sosialutvalet<sup>(2)</sup>,

etter den framgangsmåten som er fastsett i artikkel 189 C i traktaten<sup>(3)</sup>, og

ut frå desse synsmåtane:

Innføringa av ein felles transportpolitikk inneber m.a. at det vert fastsett felles reglar for tilgjenge til marknaden for internasjonal gods- og persontransport på innlandsvassvegar på territoriet til Fellesskapet. Reglane må vere slik utforma at dei medverkar til å verkeleggjere den indre transportmarknaden.

Ei slik einsarta ordning for tilgjenge til marknaden krev òg at det vert innført rett til å yte tenester ved at alle restriksjonar for tenesteytaren vert fjerna som botnar i nasjonaliteten hans eller i at han er etablert i ein annan medlemsstat enn den medlemsstaten der tenesta skal ytast.

Etter at dei nye medlemsstatane vart tilmelde, finst det ulike ordningar mellom medlemsstatane for internasjonal transport og for transitt på innlandsvassvegar, fordi det ligg føre tosidige avtaler mellom visse medlemsstatar og ein nytilmeld medlemsstat. Difor må det fastsetjast felles reglar for å sikre at den indre transportmarknaden verkar fullgodt, og særleg for å unngå konkurransevriding og skiplingar i den aktuelle marknadsordninga.

Dette tiltaket hører inn under einekompetansen til Fellesskapet, og det målet som er sett, kan berre nåast ved å fastsetje einsarta og bindande reglar -

(\*) Denne EF-rettsakten, kunngjort i EFT nr. L 175 av 13.7.1996, s. 7, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 23/97 av 30. april 1997 om endring av EØS-avtalens vedlegg XIII (Transport), se denne utgave av EØS-tillegget til De Europeiske Fellesskaps Tidende.

(<sup>1</sup>) TEF nr. C 164 av 30.6.1995, s. 9.

(<sup>2</sup>) TEF nr. C 301 av 13.11.1995, s. 19.

(<sup>3</sup>) Europaparlamentsfråsegn av 15. november 1995 (TEF nr. C 323 av 4.12.1995, s. 31), felles haldning frå Rådet av 29. januar 1996 (TEF nr. C 87 av 25.3.1996, s. 53) og europaparlametsavgjerd av 6. juni 1996 (enno ikkje offentleggjord i TEF).

#### VEDTEKE DENNE FORORDNINGA:

##### Artikkel 1

Denne forordninga skal nyttast på gods- eller persontransport på innlandsvassvegar mellom medlemsstatane og i transitt gjennom medlemsstatane.

##### Artikkel 2

Ein transportør som utfører gods- eller persontransport på innlandsvassvegar, kan utføre slik transport som er nemnd i artikkel 1, utan at det skal gjerast skilnad på grunn av nasjonalitet eller etableringsstad, dersom

- han er etablert i ein medlemsstat i samsvar med lovgjevinga i denne medlemsstaten,
- han i denne medlemsstaten har løyve til å utføre internasjonal gods- eller persontransport på innlands-vassvegar,
- han til slik transport nytta fartøy som er meinte for fart på innlandsvassvegar, og som er registrerte i ein medlemsstat eller, dersom dei ikkje er registrerte, har ein attest som syner at dei høyrer til flåten i ein medlemsstat, og
- han stettar dei vilkåra som er fastsette i artikkel 2 i rådsforordning (EØF) nr. 3921/91 av 16. desember 1991 om fastsettelse av vilkår for å gi transportører adgang til å utføre innenlands transport av gods eller passasjerer på innlands vannveier i en medlemsstat der de ikke er hjemmehørende<sup>(4)</sup>.

##### Artikkel 3

Føresegne i denne forordninga rører ikkje ved dei rettane som transportørar frå tredjestatar har i medhald av den reviderte konvensjonen om skipsfart på Rhinen (Mannheim-konvensjonen) og konvensjonen om skipsfart på Donau (Beograd-konvensjonen), eller ved dei rettane som følgjer av dei internasjonale pliktene til Fellesskapet.

(<sup>4</sup>) TEF nr. L 373 av 31.12.1991, s. 1.

**Artikkkel 4**

Denne forordninga tek til å gjelde 20. dagen etter at ho er kunngjord  
i *Tidend for Dei europeiske fellesskapa*.

Denne forordninga er bindande i alle delar og gjeld direkte i alle medlemsstatane.

Utferda i Brussel, 8. juli 1996.

For Rådet

*R. QUINN*

Formann